



KVA GJER EG NÅR EG MISTENKJER AT NOKON ER UTSETT FOR VALD ELLER OVERGREP?

SJÅ

Generelt:

- Sår og blåmerke
- Brann- og kuttskadar
- Sjølvskading
- Svimmelheit
- Konsentrasjonsvanskar
- Uro og utagerande åtferd
- Unnvikande åtferd
- Nedstemtheit, isolasjon
- Avtalar vert ofte endra
- Motset seg hjelp som krev innsyn i familien
- Partner er ofte med til avtalar
- Reaksjon ved berøring
- Bruk av rusmiddel

Vald kan ha mange ansikt – den kan vere fysisk, psykisk, seksuell eller handle om omsorgssvikt. Den kan og handle om frykt for ny vald eller for at ting blir øydelagt.

Følg intuisjonen din!

Vald og overgrep kan skje i alle familiar, uavhengig av sosial bakgrunn.

Prøv å sjå bak fasaden!

AVKLAR

Er det barn i familien? Har dei vore vitne til vald? Husk: Å vere vitne til vald har like alvorleg effekt på barn som sjølv å bli utsett for vald.

- ✓ Ta kontakt med barnevernstenesta snarast per telefon i akutt situasjon
- ✓ Ved ikkje-akutt situasjon kan ein og nytte seg av meldeskjema som ligg på kommunen sine heimesider.

AVVERGEPLIKT.

Alle har personleg plikt til å anmeldre eller på annan måte avverge og hindre straffbare forhold.

Avvergeplikta (§196) inntrer ved straffbare forhold og er eit personleg ansvar, utan omsyn til teieplikta

HANDLE

Når du er vitne til vald, eller ein valdsutsett har fortalt om livssituasjonen sin, er målet å motivere dei til å ta imot hjelp frå hjelpeapparatet.

✓ **Anonyme drøftingar:**

Er du usikker på kva du skal gjere kan du drøfte saka anonymt med politi (tlf.02800), barnevern eller kriesenter. Ring og avtal samtale med fagpersonar.

VIKTIGE TELEFONNUMMER I KINN.

Ring politiet 112 for å forhindre akutte overgrep og farlege situasjoner (pågående situasjoner med vald, truslar eller mishandling).

Ring Kinn Barnevern 57 75 68 00 (sentralbord dagtid)

Ring Barnevernvakta i Kinn telefon 47 45 72 72 for akutte hendingar. Telefonen er aktiv mån-fre 1530-0800, og i helg frå fredag 1530 til mandag kl 0800.

Kriesenteret i Sogn og Fjordane døgntelefon: 57 74 36 00